

Miljø og tilsyn
Tone Furustøl

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16020 - 21/11502

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
19.02.2021

Uttale frå landbruksavdelinga til nabomerknad i klagesak konsesjon GBNR 219/1 Vike

Kva eigarskap som best i varetek landbruksinteressene er det sentrale punktet i saka, og landbruksavdelinga har i utgangspunktet avslått søknad om konsesjon fordi ein meiner at den delen som ikkje er regulert til camping ikkje bør eigast av AS.

Landbruksavdelinga kan stadfesta at eigarane av GBNR 219/2 har konkrete planar om å satsa på landbruksdrift og har trong for meir areal dersom planane skal kunna realiserast. Brukena har felles grenselinje og det ligg driftsmessig godt til rette for å driva dei saman. Større einingar er ofte grunnlag for reduserte kostnader og dermed betre lønnsemd i drifta. Jordloven sitt føremål er å byggja opp robuste bruk.

Søk på gamle flyfoto og rasterkart som ligg på NIBIO sine gardskart sider syner at GBNR 219/1 tidlegare hadde vesentleg større jordbruksareal. Manglande drift har ført til attgroing og etter kvart har areala vorte registrert med anna markslag. Det vil vera mogleg å dyrka opp eller rydda desse tilbake til kategorien jordbruksareal.

Det er utan tvil ei føremón at landbruksareal vert drive av landbrukskyndige personar, og det vil vanlegvis vera slik at dei har betre føresethnader for å utnytta ressursane og skjøtta dei enn eit selskap som ikkje har den kompetansen.

Det er rett som advokaten skriv at Vikanes har slite med fråflytting og at det gjer seg gjeldande busetjingsomsyn. Det å leggja til rette for at landbruksarealet vert seld som tilleggsjord vil kunna styrka nabobruket og busetjing og arbeid der.

Landbruksavdelinga kan ikkje sjå at det er klare fordelar med å gje konsesjon til aksjeselskapet sett i lys av at det er komen fram nabo som ynskjer å kjøpa arealet som tilleggsjord og ivareta ressursane. Omsynet til kva som er best for landbruket meiner me er det som må vega tyngst i denne saka sidan det er ein såpass stor landbrukseigedom.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Miljø og tilsyn